

Lars Bjørn Lygre

Lurevegen 1498

5912 SEIM

Lygra 22.06.2018

Lindås Kommune
Byggjesaksavdelinga

Søknad om dispensasjon frå «kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden» ifm. frådeling av eksisterande tun på Gbnr 58/7 Lygre indre.

Søker med dette om dispensasjon frå **«kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden»** for frådeling av eksisterande tun med føremål å byggja ny einestad, samt etablering av ny tilkomstveg på Gnr.58/Bnr7 Lygre indre på Lygra.

Begrunnelse:

Årsak til dispensasjonssøknaden er at det omsøkte arealet er avsett til LNF-føremål i kommuneplanen for området.

Gbnr. 58/ 7 vart kjøpt for å nyttast som tilleggsjord til Gbnr. 58/2. Bygningane som står på Gbnr. 58/7 vil ikkje gjera noko nytte for seg i denne samanhengen, difor ynskjer me å skilja ut tunet med bygningar slik at ein yngre generasjon kan busetja seg her. Det resterande arealet kan tilførast Gbnr. 58/2.

Avkjørsel:

Når det gjeld den omsøkte avkjørsle er denne søkt om å flytta slik at den vert felles med avkjørsle til driftsbygningane på Gnr 58/Bnr 3. Denne vil då dekke

all tilkomst til Gnr 58/Bnr 7, også landbruksareala. Dagens svært uoversiktlege avkøyrsløse til Gnr 58/Bnr 7 kan då stengjast. Statens vegvesen har i ein førebels uttale gitt tilbakemelding om at dette er ei løysing som kan påreknast løyve til. Tilbakemeldinga frå SVV er vedlagt frådelingssøknaden.

LNF område

Tunet som er søkt frådelt ligg naturleg avgrensa av fylkesvegen mot sørvest, og grensa til naboegedommar mot søraust. Arealet som har bruksverdi som jordbruksareal ligg nordaust for tunet, med eit høgdedrag som naturleg skilje.

Tunet ligg i eit område som ikkje er eigna for jordbruk, og ligg i tillegg mellom to andre hus så ulempene med å tillate bygging her må sjåast på som små sett opp mot fordelane, og ein tomt her er relativt lett å opparbeida og ligg i nær tilknytning til veg.

Lygra er i dag prega av ein busetnad med eit stort innslag av eldre personar, der mange av bruka ikkje har fast busetnad, og det er få hus til salgs då dei fråflytta bruka blir nytta som fritidsbustader. Meiner derfor det er viktig å finna løysingar for dei som ynskjer å busetja seg fast i området.

Totalt sett meiner me dette vil gi begrensa inngrep i kulturlandskapet, og at det bør kunne gi grunnlag for å innvilge dispensasjon.

MVH

Lars Bjørn Lygre

Lurevegen 1498

5912 Seim

Mob.92206701